




Prosjektplan Liv i Lom



Gjestfri og nyskapande

# Liv i Lom

Prosjektplan hovudprosjekt ut april 2012



Lom kommune  
Midtgard  
2686 Lom  
Telefon: 6121 7300  
Faks: 6121 7301  
Epost: [post@lom.kommune.no](mailto:post@lom.kommune.no)  
<http://www.lom.kommune.no>



## Innholdsliste

<b>1. Mål og rammer</b>	<b>3</b>	<b>6. Ansvar og rapportering</b>	<b>16</b>
1.1 Bakgrunn	3	6.1 Rapportering	16
1.2 Hovudmål	3	6.2 Statusmøte	16
1.3 Organisering	3	6.3 Ansvarsforhold	16
<b>2. Prosjektorganisering</b>	<b>4</b>	<b>7. Kommunikasjon</b>	<b>17</b>
2.1 Oppdragsgjevar, prosjektansvarleg og prosjektleiar	4	7.1 Kommunikasjon internt i prosjektet	17
2.2 Styringsgruppa	4	7.2 Kommunikasjon med innbyggjarane i Lom	17
2.3 Landsbyrådet	4	7.3 Kommunikasjon med media	17
2.3 Politisk forankring	5	7.4 Kommunikasjon med nasjonalparklandsby-nettverket.	17
<b>3. Risikoanalyse og kvalitetssikring</b>	<b>8</b>	<b>8. Satsinga på Lom som nasjonalparklandsby</b>	<b>18</b>
<b>4. Gjennomføring</b>	<b>9</b>	8.1 Nasjonalparklandsby/-kommune som ramme for utvikling	18
4.1 Planlegging	9	<b>9. Samarbeidspartnarar</b>	<b>19</b>
4.2 Hovudmål med tilhøyrande delmål	9	<b>10. Vedlegg, samandrag av rapport frå forprosjektet</b>	<b>20</b>
4.3 Framdriftsplan/tiltaksplan 2010, 2011	12		
<b>5. Finansiering og Økonomi</b>	<b>15</b>		
5.1 Finansiering	15		
5.2 Budsjettering	15		

## 1. Mål og rammer

Det overordna målet med "Liv i Lom" er å vidareutvikle Lom til ei attraktiv kommune for busetnad og næringsetablering. Hovudprosjektet Liv i Lom har ei tidsramme frå 1. mai 2009 til 1. mai 2012.

### 1.1 Bakgrunn

Dette er ei vidareføring av forprosjektet "Liv i Lom" som har vore eit 1-årig pilotprosjekt i regjeringa si distriktspolitiske offensiv, småsamfunnssatsinga. Prosjektet "Liv i Lom" er todelt. Ein del går på samfunnsutvikling i landbruksbygda Bøverdalen, som slit med fråflytting og utfordringar i å utvikle ny næring som tek omsyn til dei store verneområda som omkransar dalen. Den andre delen av prosjektet er konsentrert om Fossbergom, sentrum i Lom, og tek sikte på å utvikle sentrumskjernen som ein "nasjonalparklandsby". Arbeidet her går mellom anna på stadutvikling og informasjonstiltak for å auke interessa for verneområda. Det er venta at nasjonalparklandsby- statusen får positive ringverknader for grendesamfunna og er såleis viktig som motor for utvikling i heile kommunen. I småsamfunnssatsinga til KRD hadde forprosjektet arbeidstittelen "Lom som nasjonalparklandsby – aksjonsplan for ein nasjonal skatt", mens lokalt er "Liv i Lom" nytta fordi vi ikkje fekk statusen som nasjonalparklandsby før 9 månader inn i forprosjektet.

Forprosjektet i småsamfunnssatsinga i Lom har gjeve konkrete og synlege resultat, og det er viktig å vidareføre dette arbeidet. Det har vore jobba mest med utviklingsarbeid i Bøverdalen, ettersom Lom ikkje vart utpeika som pilot for nasjonalparklandsby satsinga før 27. februar 2008. Lom kommune fekk også i denne i denne tida statusen som Nasjonalparkkommune, i framtidig utvikling må ein freiste å få til ei positiv profilering av dei store verneareala i og rundt kommunen.

### 1.2 Hovudmål

Det overordna målet til prosjektet Liv i Lom er altså å vidareutvikle Lom til ein attraktiv kommune for busetnad og næringsetablering, hovudmåla er som følgjer:

1. Utvikling av lokalsamfunnet med nasjonalparklandsby/-kommune som ramme.
2. Samfunnsutvikling for å auke busetnad og trivnad.
3. Næringsutvikling for å utløyse næringspotensialet i stadbundne ressursar
4. Nettverksbygging og samarbeid med eksterne aktørar for å syte for regional og nasjonal erfaringsoverføring.

For delmål sjå kapittel 4.2

### 1.3 Organisering

Forprosjektet har vore organisert med formannskapet som styringsgruppe og ei ressursgruppe, samt prosjektleiar i 100% stilling. I hovudprosjektet er framleis formannskapet styringsgruppe, medan ressursgruppa vert avløyst prosjektgruppa Landsbyrådet.

## 2. Prosjektorganisering

### 2.1 Oppdragsgjevar, prosjektansvarleg og prosjektleiar

#### Oppdragsgjevar og prosjektansvarleg

Lom kommune ved kommunestyret samt Kommunal og Regionaldepartementet er oppdragsgjevarar for dette prosjektet. Formannskapet som utgjer styringsgruppa for prosjektet, er den utøvande oppdragsgjevaren. Styringsgruppa er prosjektansvarlege og har ansvar for økonomi. Dei skal sjå etter at dei overordna måla vert nådde og sikre kvaliteten på prosjektet, medan prosjektleiar har eit informasjonsansvar ovanfor styringsgruppa og skal syte for den daglege drifta av prosjektet

#### Prosjektleiar

- Prosjektleiar har ansvar for at styringsgruppa får naudsynt styringsinformasjon.
- Prosjektleiar har ansvar for den daglege drifta av prosjektet, samhandling og koordinering av prosjektgruppene. Prosjektleiar skal ha oversyn over utfordringar og moglegheiter, ressursar og prioriteringar.
- Prosjektleiar utarbeider årlege prosjektrapportar til KRD, LMD, regionrådet for Nord-Gudbrandsdal, Oppland fylkeskommune, kommunestyret og andre som er med og finansierar.
- Prosjektleiar skal ha kontroll over økonomien.
- Prosjektleiar skal lage årlege framdriftsplanar for Landsbyrådet og prosjektet, desse skal kontinuerleg oppdaterast gjennom året.
- Prosjektleiar skal leggje fram årleg prosjektbudsjett som skal fordelast til landsbyråd og utviklingsråd.
- Prosjektleiar skal fylgje opp tiltaka presenterte i tiltaksplanen.

### 2.2 Styringsgruppa

Formannskapet er styringsgruppe for Liv i Lom med følgjande ansvarsområde:

- Økonomisk ansvar
- Sikre kvaliteten i prosjektet
- Sjå til at framdrift og tidsplanar blir overhaldne
- Sikre god samhandling mellom aktørar som er viktige for prosjektet
- Vedta prosjektplan og årlege budsjett.

Prosjektleiar fungerer som sekretær for denne gruppa, med ansvar for å sende utkast til sakliste til leiar av styringsgruppa og kalle inn til møter i styringsgruppa etter møteplanen for styringsgruppa. Møta i styringsgruppa fylgjer vanlege reglar med omsyn til innkalling og protokoll.

### 2.3 Landsbyrådet

Verketid for landsbyrådet er i hovudprosjektperioden. Saker som blir tatt opp i landsbyrådet som krev ei politisk handsaming vil bli fremma for formannskapet eller kommunestyret av administrasjonssjefen. Politikarane vil såleis bli meir involverte i prosjektet og kan følgje det tettare, altså sikrar ein politisk forankring.

#### Landsbyrådet

Landsbyrådet skal ha ansvar for Lom sitt arbeid med nasjonalparklandsby og nasjonalparkkommune. Dei skal nå hovudmål 1 og 4 i prosjektplanen, og vil arbeide med:

1. Utvikling av lokalsamfunnet med nasjonalparklandsby/-kommune som ramme.
2. Nettverksbygging og samarbeid med eksterne aktørar for å syte for regional og nasjonal erfaringsoverføring.

For delmål blir det vist til kapittel 3,2 i planen.  
Landsbyrådet vil ha fem medlemmer:

### Landsbyrådet:

1. repr. frå handelsstanden – handelsstandsforeininga
  1. repr. frå Jotunheimen reiseliv
  1. repr frå friviljuge organisasjonar
  1. repr. frå nasjonalparksenteret
  1. repr frå formannskapet
- Sekretær: Prosjektleiari i Liv i Lom (utan stemmerett)

Ein inviterer aktuelle kandidatar i den friviljuge sektoren i Lom til å sitja som dei friviljuge organisasjonane sin representant i Landsbyrådet. Jotunheimen Reiseliv, handelsstandsforeininga og nasjonalparksenteret vel sjølve sine representantar.

Prosjektleiari skal vere landsbykoordinator for Lom, og vere med i arbeidsgruppa i nettverket for Noregs nasjonalparklandsbyar.

## 2.3 Politisk forankring

Arbeidet med Liv i Lom er politisk forankra på fire nivå. På lokalnivå i kommunen , på regionnivå i Regionrådet for Nord-Gudbrandsdal, på fylkesnivå i Oppland Fylkeskommune og på Statleg nivå i KRD og LMD.

### Lom Kommune

Gjennom kommuneplanprosessen har innbyggjarane i Lom gjort viktige verdivar som styrer kommunen si rolle som samfunnsbyggjar og ligg i botn som ei verdiforankring og plattform for prosjektet. Kommuneplanen Lom 2020 vart vedteken i kommunestyret 27. juni 2007, og slår fast at Lom skal vera eit lokalsamfunn basert på følgjande grunnverdiar: Gjestfri, open, inkluderande, respektfull og nyskapande, med trivnad for innbyggjarar og gjester i høgsetet. Arbeidet med kommuneplanen var ein open prosess med stor deltaking av innbyggjarane. Kommunestyret valde å særleg involvere barn og unge i planprosessen gjennom arbeid der dei unge beskreiv sine visjonar for framtidsbygda Lom. Det vart lagt stor vekt på desse innspela i den ferdige kommuneplanen. Det var opne møte med stor oppslutning i dei fire grendene i kommunen, og ein livlig diskusjon på debattforumet på kommunens nettside. Ein klarte å samle seg om nokre hovudpunkt som rettesnorer for vidare utvikling lokalt, som å ivareta lokal kultur, historie og natur. "Liv i Lom" er komponert slik at dei felles verdiane som er forankra i kommuneplanen ligg som ei plattform for utviklingsprosjektet.

### Regionrådet for Nord-Gudbrandsdal

I samarbeidsavtalen for regionrådet i Nord-Gudbrandsdal vedteken i 2007 kan ein lese at Regionrådet er eit politisk organ som skal fremje regionen sine interesser gjennom å :

- medverke til større openheit, utvikle samarbeidsevna og gjensidig informasjon mellom kommunane
- arbeide for å nå mål og prioriterte tiltak i regionens årlege handlingsplan
- leggje til rette for næringsutvikling, med særleg vekt på å
  - arbeide for gode vilkår for nyetableringar
  - vidareutvikle eksisterande næringsliv
  - arbeide for etablering av offentlege arbeidsplassar
- drive politisk interessearbeid overfor overordna myndigheiter i distriktspolitiske spørsmål.
- samordne kommunane sine høyringsuttaler der ein finn det tenleg.
- arbeide for interkommunale samarbeidstiltak til beste for regionen sine innbyggjarar
- arbeide for å profilere regionen som ein attraktiv tilflyttarregion

Det som er særleg relevant for prosjektet er å bidra i arbeidet med å leggje til rette for næringsutvikling og gjere regionen attraktiv for nyetableringar. Likeeins bidreg Liv i Lom til arbeidet med å profilere regionen som ein god tilflyttarregion.

### Oppland Fylkeskommune

Ein viser til prioriterte vegval i Oppland fylkeskommune, felte ned i Regionalt handlingsprogram 2008 som også er relevante for prosjektet Liv i Lom:

- I randsona rundt nasjonalparkane i Oppland bør det settes av areal til utvikling av natur og kulturbasert reiseliv.
- Bidra til auka omstilling, nyskaping og kreativitet, spesielt innan primærnæringane.
- Bidra til at distrikta kan utnytte sine naturgitte fortrinn i balanse med ei forsvarleg naturforvaltning.
- Satse på stadutvikling for å auke stadenes kvalitetar for innbyggjarar, besøkande og næringsliv.
- Stimulere til estetisk, universell og miljøvennlig utvikling av reiselivsdestinasjonane.

### Statleg

Vidare når det gjeld politisk forankring viser me til stortingsmelding nr 25. (2008-2009) ”**Lokal vekstkraft og framtidstru. Om distrikts- og regionalpolitikken.**” som er ei vidareføring av stortingsmelding nr. 21, ”Med hjarta for heile landet”.

I denne stortingsmeldinga finn ein mange relevante innspel til arbeidet med prosjektet Liv i Lom.

Utdrag frå stortingsmeldinga med relevant for forankringa av for Liv i Lom :

### 5.10 Natur- og kulturlandskap

Utfordringar:

- Nytte natur- og kulturlandskap til å skape aktivitet og verdiskaping utan at det går utover natur- og verneverdiar

Innsats:

- Styrkje arbeidet med forvaltningsplanar for verneområda
- **Vidareutvikle konseptet med nasjonalparkkommunar og –landsbyar**
- Setje i verk verdiskapingsprogram for naturarven
- Peike ut og sikre forvaltning av 20 utvalde kulturlandskap i jordbruket

### Boks 3.3 Den nasjonale småsamfunnssatsinga

Den nasjonale småsamfunnssatsinga under Kommunal- og regionaldepartementet går over fire år, med prosjektavslutning i 2009. Viktige mål har vore å stimulere eit breitt spekter av lokale utviklingsprosjekt, og medverke til erfaringsoverføring og læring kring lokalt utviklingsarbeid. Nærare 50 ulike pilotprosjekt har fått støtte. Dei fleste av desse var alt initierte og utvikla lokalt eller regionalt, og med økonomisk støtte frå fylket i botnen.

Det er stor variasjon i tema og innretning på prosjekta, sjølv om alle har vore innanfor hovudfeltet næringsutvikling, attraktive stader og gode tenestetilbod. Mange handlar om ei meir offensiv utnytting av potensialet knytt til store naturverdiar. Konseptet kring regionale kultur- og naturparker i Aurland og Valdres er eit døme, **utnytting av nasjonalparkstatusen i Lom og Jondal eit anna**. Andre prosjekt har brei, lokal samfunnsutvikling som ein fellesnemnar. Døme kan vere Bluesbygda Skånevik, Frøya inn i framtida, optimistbygdenettverket i Sør-Trøndelag og

Cittaslow-prosjekta i Sokndal og Eidsskog.

Ei samla oversikt over prosjekta innanfor den nasjonale småsamfunnssatsinga ligg på nettsidene til Kommunal- og regionaldepartementet på [www.regjeringa.no](http://www.regjeringa.no).

Norsk senter for bygdeforskning har vore følgjeevaluator for satsinga. Dei skal lage ein avslutningsrapport i 2010 med vekt på å trekkje ut viktige punkt for læring og erfaringsoverføring.

### 5.10.1 Nasjonalparkkommunar og nasjonalparklandsbyar

I 2008 gav Miljøverndepartementet 31 kommunar status som nasjonalparkkommune og 5 tettstader status som nasjonalparklandsby. Målet med ordninga er å styrkje verdiskapinga i kommunar og lokalsamfunn med utgangspunkt i verdien nasjonalparkane har som kvalitetsstempel på villmarksnatur. Desse kommunane får nytte ein varemerkebeskytta logo i marknadsføringa si som bevis på statusen deira. Miljøverndepartementet tek sikte på at tildelinga skal gjelde i inntil 10 år.

**Dei fem nasjonalparklandsbyane har organisert seg mellom anna for å auke eigen kompetanse. Dei får støtte til oppfølging av prosjektet frå Innovasjon Noreg og Miljøverndepartementet. Arbeidet med nasjonalparklandsbyane er mellom anna ei oppfølging av reiselivsstrategien til regjeringa og vert sett i samanheng med arbeidet med stadutvikling og verdiskapingsprogrammet for naturarven.**

Nærings- og handelsdepartementet har i samarbeid med Kommunal- og regionaldepartementet, Landbruks- og matdepartementet og Miljøverndepartementet dessutan undersøkt utvalde kommunar for å sjå på moglegheitene for å nytte nasjonalparkar med randområde og eventuelt andre større verneområde i reiselivssamanheng. Arbeidsgruppa har levert ein rapport med forslag til tiltak for å fremje auka bruk av nasjonalparkar og andre verneområde etter naturvernlova i samanheng med reiseliv.

## 6.2 Politikk for fjellområda

Utfordringar:

- Utnytte ressursane i fjellområda til verdiskaping og næringsutvikling på ein måte som sikrar at dei store naturverdiane og kulturminna i fjellområda vert tekne vare på

Innsats:

- Skape samarbeid mellom lokale, regionale og statlege styresmakter som byggjer opp under ei heilskapleg utvikling i fjellområda
- Leggje til rette for ein lokalt og regionalt tilpassa politikk for å kunne utnytte fortrinn og moglegheiter i fjellområda.



## 3. Risikoanalyse og kvalitetssikring

Ein vil her presentere dei tre kritiske suksessfaktorane som ein bør ha størst søkeljos på under prosjektperioden. Definere desse kritiske suksessfaktorane samt gje ei vurdering av kva som vert utfallet om desse inntreff

### Lokal forankring

Dette prosjektet er eit kommunalt drive prosjekt med kommunalt eigarskap. Ein arbeider kontinuerleg med å forankre prosjektet hjå innbyggjarane, men prosjektet er i utgangspunktet ikkje innbyggjarinitiert. Det at kommunen er eigarar av prosjektet fører altså med seg utfordringar kring lokal forankring. Dersom ein ikkje oppnår tilstrekkeleg lokal forankring og prosjektet får eit negativt omdøme lokalt, vil det redusere moglegheitene til å nå målsetjingane i prosjektet samt føre til vanskelege arbeidsforhold for dei involverte i Liv i Lom.

### Finansiering

Tilstrekkleg finansiering er essensielt for å kunne utføre dei planlagde tiltaka og dermed nå målsetjingane. Enkelte av tiltaka som utbetring av Bergomsrunda og Torgplass vil også krevje ytterlegare finansiering i tillegg til det som er budsjettert med i prosjektet. Det vert då svært viktig å jobbe for å få fullfinansiert desse prosjekta, sidan dei står sentralt i målsetjingane til Liv i Lom.

### Nasjonalparklandsby

Det vert lagt stort vekt på utviklinga av nasjonalparklandsbyen og konseptet rundt dette i Liv i Lom. At ein lukkast med den nasjonale satsinga på nasjonalparklandsbyane og får noko handfast ut av denne satsinga, vil vera svært viktig for å lukkast på lokalt plan med Liv i Lom. Dersom det ikkje kjem synlege resultat ut av satsinga på nasjonalparklandsby, kan det føre til at heile prosjektet får ein låg legitimitet lokalt, og vert sett på som mislukka. Om Liv i Lom kan reknast som eit vellukka prosjekt, er altså nært knytt til om satsinga på nasjonalparklandsbyar vert vellukka.

### Gjennomføringskraft

Innhald og omfang i tal på delmål og tiltak i prosjektet er ambisiøst. I dette ligg det ein risiko for at ein ikkje maktar å gjennomføre alt ein har planlagt. Dårleg gjennomføringskraft kan setje prosjektet i eit dårleg søkeljos.

### Kvalitetssikring

Nasjonalparklandsbyen skal i samarbeid med Norsk Fjellmuseum i skuleåret 09/10 ha ein bedriftsstipendiat frå Høgskulen på Lillehammer. Stipendiaten skal særleg undersøkje næringslivet si tilknytning til nasjonalparklandsbyen og kva potensiale næringslivet ser i denne statusen.

Noregs nasjonalparklandsbyar er teke opp i programmet "Naturarven som verdiskapar" som Naturdirektoratet styrer. Gjennom dette programmet vil nasjonalparklandsbyprosjektet bli vurdert av Telemarksforsking.

Elles bør ein i Liv i Lom ta godt imot dei moglegheitene ein får til å bli vurdert av eksterne krefter, særleg på måloppnåing og resultat.



## 4. Gjennomføring

### 4.1 Planlegging

Det vert laga egne aktivitets-/framdriftsplanar for Landsbyrådet. Desse vert laga på årleg basis, i samsvar med budsjettet for det gjeldande året. Aktivitetsplanen for Landsbyrådet skal kontinuerleg oppdaterast, etter kvart som nye arrangement og tiltak kjem til. Planen skal offentliggjeras på [www.lom.no](http://www.lom.no), og ein skal ved alle moglege høve freiste å gjere innbyggjarane kjende med aktivitetar og arrangement i regi av prosjektet.

### 4.2 Hovudmål med tilhøyrande delmål

Prosjektet opererer med fire hovudmål og tilhøyrande delmål. Hovudmåla er statiske ut prosjektperioden, men det skal opnast opp for at delmål kan forkastast eller nye delmål kan takast inn i prosjektplanen gjennom prosjektperioden

#### Hovudmål

##### 1. Utvikling av lokalsamfunnet med nasjonalparklandsby/-kommune som ramme.

##### Profilere Lom som nasjonalparklandsby

Mål: Profilering av Lom som nasjonalparklandsby, og at det er eit verdival å flytte til Lom.

##### Delmål:

- 1) Ny nettside [www.lom.no](http://www.lom.no) som retter seg mot tilflyttarar, innbyggjarar og gjestar som vil nytte kulturtilbod i Lom og få informasjon om bygda og Lom nasjonalparklandsby
- 2) Bidra til felles nettside med pilotnettverket [www.nasjonalparklandsby.no](http://www.nasjonalparklandsby.no)
- 3) Andre informasjonstiltak som til dømes stand på Fjordingsmartnan, Facebookgruppe, twitter osv.
- 4) Arrangere Landsbydag ein gong i året.

##### Nasjonalparklandsby

Mål: Stadutvikling av nasjonalparklandsbyen, med fokus på turisme og bulyst hjå fastbuande.

##### Delmål:

- 1) Liv i Lom skal vera ein aktiv pådrivar for å få gjennomføre dei tre tiltaka som prosjektgruppa, i tilknytning til "Stadutviklingsplanen for Fossbergom", har prioritert.
  - Betre Bergomsrunda og utvide denne med ei ny bru over Bøvra.
  - Merking av stigar og turløyper rundt sentrum, med Bergomsrunda som utgangspunkt.
  - Opparbeiding av grøntareal/torg på Fossbergom.
- 2) Få ut informasjon om turstigane som er merka ut frå sentrumskjernen av nasjonalparklandsbyen, samt Bergomsrunda.
- 3) Skilte med nasjonalparklandsby- skilt ved innfartsårene til sentrum.

##### Lokalkunnskap og vertskapsrolla

Mål: Arbeide med omdømmebygging knytt opp mot Lom som nasjonalparklandsby slik at det vert eit verdival å flytte til Lom.

##### Delmål:

- 1) Arrangere 1-2 kurs som gir sertifisering som landsbyguide på Bergomsrunda.
- 2) Arrangere årleg kurs i lokalkunnskap for tilsette i handel og turistnæringane.
- 3) Språkkurs for vaksne i engelsk og tysk.
- 4) Jobbe for å få inn kunnskap om nasjonalparkane i Lom i undervisninga i skulen
- 5) Få til ungdomsutveksling med ein annan nasjonalparklandsby i Noreg eller utlandet med til dømes friluftsliv i nasjonalparkar som tema, tradisjonsmusikk eller anna.

## 2. Samfunnsutvikling for å auke busetnad og trivnad

### **Friviljug sektor**

Mål: Styrke friviljuge lag og organisasjonar i Lom ved å satse på ressurspersonar for å motivere desse samt få fram yngre ressurspersonar.

Delmål:

- 1) Arrangere ”lagsfest”, fest for friviljuge leiarar, årleg i september/oktober
- 2) Administrere og dele ut Friviljugprisen for Lom
- 3) Samarbeide med friviljuge organisasjonar om andre tiltak som vil styrke den friviljuge sektoren i Lom.

Desse fire punkta er viktige for å syne at den friviljuge sektoren er ein viktig samfunnsaktor, for å støtte og bygge opp under den friviljuge sektoren.

### **Tilflytting**

Mål: Bidra positivt inn i det tilflyttingsarbeidet Lom kommune har etablert i forprosjektperioden, knyte dette opp mot regionrådet sitt tilflyttingsarbeid.

Mål: Bidra til at ungdom som reiser ut av bygda kjem attende, særleg gjennom satsing på entreprenørskapsundervisning i ungdomsskulen med Ungt Entreprenørskap sine program.

### **Bøverdalen**

#### **Lokal engasjement og forankring**

Mål: Lokal forankring av bygdeutviklingsprosjekt i Bøverdalen som involverer lag og organisasjonar, næringslivet og innbyggjarar i Bøverdalen.

Delmål:

- 1) Årleg utlysing av eit Liv i Lom fond, der ein kan søkje om støtte til trivsels og bulyst tiltak i Bøverdalen.
- 2) Aktive arbeidsgrupper i Bøverdalen knytte til prosjektet, med til dømes turstigar og sentrumsutforming som arbeidsområde.
- 3) Setja i gang tiltak som kan auke bulyst i Bøverdalen, som fortrinnsvis kan vidareførast.

### **Bøverbrus**

Mål: Jobbe for at Bøverbrus vert ein etablert festival som på sikt er driven aleine av ein arrangementskomité.

Delmål:

- 1) Være ein pådrivar for Bøverbrus ut prosjektperioden
- 2) Jobbe aktivt for at flest moglege lag i Bøverdalen vert involverte i Bøverbrus, slik at festivalen har framtidsmoglegheiter.
- 3) Bidra til at Vinterfestivalen Bøverbrus får eit nettverk mot andre bygder og festivalar som driv utviklingsarbeid.

### **Informasjon om prosjektet**

Mål: Få fram moglegheitene som ligg i prosjektet, for Bøverdalen og bøverdølar.

Delmål:

- 1) Etablere eit ”informasjonshjørne” i butikken i Bøverdalen.
- 2) Sende ut informasjon / nyheitsbrev til innbyggjarane i kommunen med informasjon om Liv i Lom.
- 3) Bruke lom.no aktivt som ein kanal for informasjon om Liv i Lom.
- 4) Arbeide for å få medieoppslag når det skjer noko i samband med prosjektet i Bøverdalen.

## Hovudmål

### 3. Næringsutvikling for å utløyse næringspotensialet i stadbundne ressursar

#### Næringsutvikling

##### Delmål:

- 1) Bidra til næringsutvikling gjennom å vidareutvikle nasjonalparklandsbyen som eit reiselivsprodukt, ved å satse på Bergomsrunda, turstignettverk, informasjonstiltak og anna sentrumsutvikling.
- 2) Innføre entreprenørskap i alle trinn på ungdomsskulen med utgangspunkt i Ungt Entreprenørskap sine program, som eit langsiktig tiltak.
- 3) Arrangere seminar om statleg vern av område og lokal verdiskaping med utgangspunkt i dei verna områda.
- 4) Stimulere til næringsetableringar innan kulturbaserte næringar, til dømes ved hjelp av Liv i Lom-fondet.
- 5) Bidra til at store arrangement i bygda samarbeider og dannar ein felles administrativ og marknadsførings organisasjon.
- 6) Etablere ei arbeidsgruppe med reiselivsverksemdar for å utvikle turstignett mellom overnattingsstader i Bøverdalen, som skal realisere idear som den friviljuge arbeidsgruppa "Aktivitet" har utvikla i forprosjektet.

### 4. Nettverksbygging og samarbeid med eksterne aktørar for å syte for regional og nasjonal erfaringsoverføring.

##### Delmål:

##### Mål: Nettverksbygging opp mot:

- Andre småsamfunnsprosjekt.
- Nasjonalparklandsbyane Jondal, Vingelen, Geilo og Storslett.
- Regionale prosjekt i Oppland fylke.
- Utviklingsorienterte bygder gjennom Livskraftutvekslingar.
- Ei rekkje andre aktørar.
- Friviljug liv i Lom

### 4.3 Framdriftsplan/tiltaksplan 2010, 2011

Mål	Tiltak	Kommentar
<b><u>Tiltak knytte opp mot stadutvikling i nasjonalparklandsbyen</u></b>		
1	Opprusting og utviding av Bergomsrunda og turstigar kring nasjonalparklandsbyen.	Inneber også gangbru over Bøvra i området ved Lom camping. Støtte arbeidet med ”Tidsaksen”.
1	Arbeide for å få etablert grøntareal/torg mellom vassvaglen og Midtgard.	Her kan OFK være ein viktig bidragsytar, særleg med kompetanse.
1 og 3	Brosjyre med kart over turstigar kring nasjonalparklandsbyen og Bergomsrunda.	Samarbeide med Jotunheimen reiseliv og verksemder i nasjonalparklandsbyen om å produsere dette informasjonsmaterielt.
1 og 3	Informasjonstavler i sentrum om turstigar kring nasjonalparklandsbyen samt Bergomsrunda.	
1	Få opp nasjonalparklandsby skilt ved innfartsårene til sentrum.	Dialog med vegvesenet er oppretta, søknad er sendt.
1	Tilsette ein landsbyvaktmeister i 20-30% stilling.	Skal sjå etter dei fysiske tiltaka i og rundt nasjonalparklandsbyen, som turstigar, skilting, banner o.s.b.
<b><u>Tiltak mot vertskapsrolla og lokalkunnskap kring nasjonalparklandsbyen</u></b>		
1 og 3	Vertskapskurs med lokalkunnskap om nasjonalparkane og nasjonalparklandsbyen	
1	Kurs for sertifisering av Bergomsrunde-guidar	
1	Tyskkurs med ”nasjonalparklandsby vri” for innbyggjarane	
1	Årleg landsbydag for innbyggjarane for å markere Lom som nasjonalparklandsby	Offisielle nasjonalpark dagen i Europa.
4 og 1	Årleg studietur for lokalt næringsliv, politikarar og andre aktørar med tilknytning til nasjonalparklandsbyen og Liv i Lom .	
1	Fotokonkurranse: Mitt Lom	Bileta bør offentleggjerast i Fjuken og på nettsidene.
<b><u>Andre tiltak</u></b>		
2	Lagsfest for leiarar i friviljug sektor	For alle laga i Lom. Tidlegare nytta Storhaugen.
2 og 3	Satsing på entreprenørskap i skulen	Entreprenørskap på alle trinn i ungdomsskulen. Dele ut nyskappingspris til elevbedrift.
3 og 2	Samordning av kulturarrangement/ organisasjonar	Ta initiativ til/arbeide for at arrangørar bak større kulturarrangement går saman og dannar ein samarbeidsorganisasjon.
2 og 3	Liv i Lom-fondet	Stønad til trivselstiltak i Bøverdalen og kulturbasert næringsutvikling.
<b><u>Tiltak i Bøverdalen</u></b>		
2	Vinterfestivalen Bøverbrus	Arbeide for at festivalen vert eit ”sjølvgåande” arrangement utan behov for offentlig stønad.
2 og 3	Seminar om bygdeutvikling på Bøverbrus	Fredagen under Bøverbrus
2	Fylgje opp arbeidsgrupper i Bøverdalen som vart danna under forprosjektet, t.d. grupper som arbeider med turstigar, utbering av sentrumsområdet m.m.	Oppmuntre desse gruppene til å søkje om stønad hjå Liv i Lom-fondet.

Tidspunkt for gjennomføring	Økonomi	Ansvar
Mål om utvida runde med bru innan utgangen av 2010	<b>Eige prosjektbudsjet</b> (Søkast midlar frå OFK 2010).	Prosjektlear samt landsbyrådet
Prosjektering 2010 Etablering 2011	<b>Eige prosjektbudsjet</b> (Søkast midlar frå OFK 2011).	MTN + prosjektlear
Brosjyrar skal være ferdige til mai 2010.	Profilering av NPL Budsjettert 2010 og 2011	<u>Arbeidsgruppe</u> : Mai Bakken, Sander Sæltun, Gry Bystøl + 1 rep. Frå Jotunheimen Reiseliv.
Ynskjeleg å få ferdig i 2010, seinast mai 2011.	=	Prosjektlear
Innan mai 2010	=	Prosjektlear
Utprøving sommaren 2010	Budsjettert 2010 og 2011	Landsbyrådet samt prosjektlear
2 kurs våren 2010	kompetanseheving Budsjettert 2010 og 2011	Landsbyrådet
1. kurs våren 2010	=	Landsbyrådet
Haut 2010/vinter 2011	=	Landsbyrådet
Årleg 24. mai	Budsjettert 2010 og 2011	Landsbyrådet og prosjektlear
Ein gong årleg	Søkast 40 000,- frå RNG 2010 og 2011	
	Profilering av NPL	Samarbeide med JR. og Fjuken
Årleg September/oktober	Budsjettert 2010 og 2011	Prosjektlear
Oppstart januar 2010. sørgje for at ein også får gjennomført slike opplegg i åra framover.	Budsjettert 2010 og 2011	Prosjektlear og næringssejef
Starte arbeidet 2010. Mål om at ein slik organisasjon skal være etablert innan 2011	Søkast 60 000,- frå RNG 2010, 40 000,- 2011	Prosjektlear
Årleg oktober/november	Budsjettert 2010 og 2011	Prosjektlear. Styringsgruppa
Årleg – Mars	Budsjettert 2010 og 2011	Bøverbrus nemnda og prosjektlear
Årleg - Mars	Bøverbrusmidlar	Prosjektlear
Kontinuerleg	Øyremerka midlar	

### **Kontinuerleg:**

- Offensiv mediestrategi og omdømmebygging
- Oppdatering av [www.lom.no](http://www.lom.no)
- Aktiv deltaking og oppfølging av arbeidet i nettverket for nasjonalparklandsbyane. Delta på samlingar, møte, diskusjonar pr. e-post og telefon.
- Nytt frå prosjektet til innbyggjarane. 2 årlege nyheitsbrev med uformelt preg, som vert sende ut til alle innbyggjarane i Lom kommune. Nyheitsbrevet skal informere innbyggjarane om kva som har skjedd i regi av Liv i Lom dei siste 6 månadene. Nyheitsbrevet skal være lettles og prega av fargar og bilete, me foreslår at det vert sendt ut i mai og oktober

### **Vidare omtale av enkelte av tiltaka:**

#### **Fotokonkurranse: "Mitt Lom" i samarbeid med Fjuken og Jotunheimen Reiseliv.**

Ta initiativ til ein biletkonkurranse i samarbeid med Fjuken og Jotunheimen Reiseliv.

Konkurransen går ut på at innbyggjarar i Lom sender inn bilete tekne i nasjonalparklandsbyen og nasjonalparkane, for så at det er ein komité som kårar vinnaren. Bileta som kjem inn skal kunne nyttast av Lom kommune, Fjuken og Jotunheimen Reiseliv i etterkant. Premie til topp 3 er naudsynt. Lom Knipsarlag kan også involverast i denne konkurranse.

**Liv i Lom-fondet.** Prosjektleiaren leverer ei instilling til styringsgruppa, styringsgruppa fordeler midlane i Liv i Lom-fondet med bakgrunn i dei innkomne søknadene. Denne ordninga bør evaluerast årleg med tanke på om ho skal være inne på neste års budsjett.

**Samorganisering av kulturorganisasjonar/arrangement.** Tanken er at ein skal arbeide for at frivillige foreiningar som arrangerer kulturarrangement av ein viss storleik, som konsertar og teaterframvisningar, kan gå saman å danne ein samarbeidsorganisasjon. Denne organisasjonen kan gå til innkjøp av fysiske ting som gjerde, lydanlegg m.m. som då dei ulike aktørane kan dele på. Her bør det nemnast at Lom II har 700m mobilt gjerde som bør kunne nyttast. På denne måten kan ein minske kostnadene for kulturaktørar i kommunen. Vidare kan ein også tenkje seg eit samarbeid om profilering av arrangement, sponсорarbeid, kompetanseheving med meir.

**Kurs med sertifisering av Bergomsrunde-guidar.** Dette vert eit meir omfattande kurs enn vertskapskurset. Siktemålet er å utdanne fleire Bergomsrunde-guidar, slik at denne runden vert nytta meir. Ein kan tenkje seg 4-5 kurskveldar.

**Tysk kurs med stoff/pensum om nasjonalparklandsbyen og nasjonalparkane.** Dette for å bidra til kunnskapsauke hjå befolkninga, ved å utvide språkkunnskapane særleg til å omfatte faguttrykk rundt nasjonalparkane. Dette tiltaket er og då tenkt som eit supplement til vertskapsrolla hjå service- og turistnæringane i nasjonalparklandsbyen.

#### **Vertskapskurs med lokalkunnskap om nasjonalparkane og nasjonalparklandsbyen.**

Kurset er tiltenkt tilsette i service- og turistnæringa i kommunen. Kurset vil gje ei stutt innføring i lokalhistorie og -kunnskap, samt i omgrepa nasjonalparklandsby og nasjonalparkkommune. Dette for å auke kunnskapen om nasjonalparkane, nasjonalparklandsbystatusen og nasjonalparkkommunestatusen, særleg blant dei som er i kontakt med dei som gjestar Lom. Truleg vil dette spele ei rolle for synet deira på nasjonalparklandsbyen

## 5. Finansiering og Økonomi

### 5.1 Finansiering

#### Ekstern finansiering som er løyvd til hovudprosjektet:

- 1 mill frå KRD kvart år i 3 år.
- Kr 400.000 frå LMD heile hovudprosjektet (ca. 133.000 kr årleg). Øyremerka Bøverdalen.
- Regionrådet for Nord-Gudbrandsdalen har løyvd kr 100.000 til år 1 i hovudprosjektet (vi må søkje på nytt for år 2 og 3).
- Kr 300 000 frå Lom kommune

I tillegg vert det søkt om 300 000 kr årleg frå Oppland fylkeskommune, og 100 000 kr frå Regionrådet for år 2 og 3 til konkrete tiltak i prosjektet. Vert dette innvilga vil finansieringsplanen for prosjektet sjå slik ut:

#### Finansieringsplan pr. år i 3 år

Søknad småsamfunnssatsinga KRD	1 000 000
Oppland Fylkeskommune	300 000
Regionrådet for Nord-Gudbrandsdalen	100 000
Sentrale BU-middel (400.000 over 3 år)	Ca 133 000
Lom kommune (inkl. arbeid egne tilsette)	<u>300 000</u>
Sum	<u>1 833 000</u>
Totalt i 3 år	<u>5 499 000</u>

I tillegg har Lom som nasjonalparklandsby gjennom nettverket for nasjonalparklandsbyane fått støtte til eit forprosjekt gjennom MD (50.000 kr) og Innovasjon Noreg (ca. 900.000 kr). I tillegg har vi kome med i verdiskapingsprogrammet ”Naturarven som verdiskapar” i eit fellesprosjekt med ”Noregs nasjonalparklandsbyar”. Dette er ca. 2 mill for 2009, og vi er med som eit hovudprosjekt så lenge verdiskapingsprogrammet varer.

### 5.2 Budsjettering

På bakgrunn av finansieringsplan, framdriftsplanar og måla for prosjektet, vert det i oktober/november sett opp eit budsjett for kommande år. Det vil sei eit budsjett for 2010 og eit budsjett for 2011 samt januar, februar, mars og april i 2012.



## **6. Ansvar og rapportering**

### **6.1 Rapportering**

Prosjektleiari har rapporteringsansvar. Prosjektleiari skal gjennomføre fylgjande rapportering:

- 1) Sende statusrapportar til styringsgruppa 6 gonger i året, (for to månader om gongen)
- 2) Sende årleg rapport til finansierarane av prosjektet.
- 3) Meir uformell rapportering til innbyggjarane i Lom gjennom Lomsnytt og eit eige skriv to gonger i året, i mai og oktober.

### **6.2 Statusmøte**

Prosjektleiari og leiaren i Landsbyrådet konferer seg imellom om behov for møte i Landsbyrådet.

Landsbyrådet har møte ved behov, styringsgruppa har møte etter eigen møteplan.

Møteplanen for styringsgruppa fylgjer prinsippet om tertiærrapportering, og møte vil bli haldne i månadene januar, mai og oktober. Leiari i styringsgruppa og prosjektleiari kan kalle inn til ekstraordinære møte i styringsgruppa om dette er naudsynt.

### **6.3 Ansvarsforhold**

Prosjektansvaret er fordelt slik: styringsgruppa skal sjå etter at dei overordna måla vert nådde og sikre kvaliteten på prosjektet. Prosjektleiari har eit informasjonsansvar ovanfor styringsgruppa og skal syte for den daglege drifta av prosjektet.

## 7. Kommunikasjon

### 7.1 Kommunikasjon internt i prosjektet

Kommunikasjon mellom styringsgruppa og prosjektleiar føregår i hovudtrekk på to måtar: Ved at prosjektleiar annakvar månad sender ut statusrapportar for Liv i Lom, og på styringsgruppemøta. Styringsgruppemøta får og kopi av til dømes ”nytt for næringslivet”. Vidare skal kommunikasjonen mellom styringsgruppa og Landsbyrådet vere sikra ved at det er ein representant frå styringsgruppa i arbeidsgruppa.

Kommunikasjonen mellom prosjektleiar og Landsbyrådet skal vera sikra ved at prosjektleiar er tilstades på møta i båd utvala.

### 7.2 Kommunikasjon med innbyggjarane i Lom

Prosjektleiar skal på alle moglege måtar freiste å kommunisere ut budskapet ved prosjektet til innbyggjarane i Lom, dette skal skje på fylgjande måtar:

- 1) Gjennom media skal ein freiste å få oppslag om aktuelle ting i prosjektet.
- 2) [www.lom.no](http://www.lom.no) skal nyttast som den mest brukte informasjonskanalen.
- 3) Ein kort uformell statusrapport skal sendast ut til innbyggjarane to gonger årleg (mai, oktober).
- 4) Ved høve skal prosjektleiar bidra med informasjon om Liv i Lom i Lomsnytt.

### 7.3 Kommunikasjon med media

Prosjektleiar skal føre ein offensiv profil mot media og freiste å få fram aktuelle ting som skjer i prosjektet, både gjennom lokale, regionale og nasjonale media.

### 7.4 Kommunikasjon med nasjonalparklandsby-nettverket.

Prosjektansvarleg og /eller nærings sjefen deltek på samlingar med nettverket for nasjonalparklandsbyane. Vidare er det viktig at ein er aktiv ovanfor nettverket og deltek i diskusjonar over e-post og telefon. Særleg er det viktig at ein fremmar Lom kommune sine syn og vurderingar inn i nettverket, og vidarefører den leiande rolla Lom har hatt i oppstarten av nettverket.

## 8. Satsinga på Lom som nasjonalparklandsby

### 8.1 Nasjonalparklandsby/-kommune som ramme for utvikling

27. februar 2008 vart Lom plukka ut som ein av fem pilotstader som nasjonalparklandsby og som nasjonalparkkommune. Lom kommune har vore ein aktiv pådrivar og dialogpartnar i høve direktoratet for naturforvaltning i å utforme innhaldet og konseptet for slike. 15. juli 2005 presenterte Lom kommune ideane om å utvikle nasjonalparklandsbyar i Noreg til daverande miljøvernminister Knut Arild Hareide. Statsråden vart begeistra for ideen og sette Direktoratet for Naturforvaltning i sving med å utgreie konseptet. Bakgrunnen for ideen er at Lom kommune såg moglegheita i å utvikle tettstaden Fossbergom og andre liknande stader i Noreg med utgangspunkt i nærleiken til verneområda. Sidan etableringar av nasjonalparkar i Noreg starta opp, har Lom markert seg som ein kommune med eit positivt grunnsyn til vern som grunnlag for utvikling.

I pressemeldinga frå Miljøverndepartementet i høve offentleggjeringa av dei fyrste nasjonalparklandsbyane skriv dei at:

”Ved utpeking av nasjonalparklandsby er det lagt vekt på at tilreisende føler de kommer til et livskraftig samfunn som har en naturlig kontakt og beliggenhet til nasjonalparken. Landsbyen skal være en naturlig innfallsport og skal fungere som et servicesenter som dekker primære behov som god informasjon, overnatting, servering og kjøp av mat, men skal også kunne tilby tjenester rettet direkte mot nasjonalparken som guiding og tilrettelegging.

Nasjonalparklandsbyene lanseres som et pilotprosjekt. En nasjonalparklandsby skal fremstå som kulturbærer med bevissthet rundt egne tradisjoner, og skal kunne tilby produkter og opplevelser med lokalt tilsnitt. Det er bl.a. lagt vekt på at en nasjonalparklandsby gjennom en stedsutviklingsplan skal vise en bevisst holdning til sin nærhet til nasjonalparken og profilering av denne”.

Utviklinga av norske nasjonalparklandsbyar er internasjonalt nybrottsarbeid. ”Liv i Lom” skal finne fram til fornuftige forretningsidear for å styrke verdiskapinga med utgangspunkt i nasjonalparklandsby-statusen, ikkje berre i sentrumskjernen, men like mykje i omkringliggjande grender. Nasjonalparklandsbyen skal vere førstevalet for informasjon om nasjonalparkane, medan til dømes Bøverdalen kan ha ei rekkje bedrifter som tilbyr tenester knytte til ferdsel, aktivitet og opplevingar i verneområda og randsonene.

## 9. Samarbeidspartnarar

1. 4H (fleire lokallag)
2. Lom folkebibliotek
3. Bøverdalen bygdelag
4. Bøverdalen bygdeutvikling (ny):
5. Bøverdalen grendelag
6. Bøverdalen Idrettslag
7. DNT Gudbrandsdalen
8. Fylkesmannen i Oppland
9. Jotunheimen lag av norske redningshunder
10. Jotunheimen reiseliv
11. Klimapark 2469
12. Loar skule
13. Lom bonde- og småbrukarlag
14. Lom bondelag
15. Lom friviljugsentral
16. Lom handelsstandforeining
17. Lom knipsarlag
18. Lom musikk- og kulturskule
19. Lom kyrkjelege råd
20. Lom og Bøverdalen Røde Kors Hjelpekorps
21. Lom ungdomsråd 2007, 2008, 2009
22. Lom ungdomsskule
23. Lom veksthus/Næringshagen i Nord-Gudbrandsdal
24. Nettverket for nasjonalparklandsbyar
25. Nord-Gudbrandsdal næringsforeining
26. Norsk Fjellmuseum/Jotunheimen nasjonalparksenter
27. Oppland fylkeskommune
28. Regionrådet for Nord-Gudbrandsdal

### 10. Vedlegg, samandrag av rapport frå forprosjektet

Lom kommune har frå 06.06.2007-30.04.2009 vore ein del av regjeringa si småsamfunnsatsing med forprosjektet "Lom som nasjonalparklandsby – aksjonsplan for ein nasjonal skatt". Lom fekk status som nasjonalparklandsby fyrst 27. februar 2008, så forprosjektet har lokalt nytta prosjektnamnet "Liv i Lom". Forprosjektet bygde på to pilarar – arbeidet for "Lom som nasjonalparklandsby" og utviklingsarbeid i Bøverdalen spesielt.

#### Mål

Det overordna målet for småsamfunnsatsinga i Lom er å sikre eit levande bygdesamfunn der ein nyttar stadbundne ressursar i naturen og kulturlivet. Målet på sikt er å hente ut verdiskapingspotensialet som ligg i statusen som nasjonalparklandsby og verdiane i verneområda, til dømes gjennom næringsutvikling knytt opp mot nasjonalparkane. Forprosjektet har satsa på ungdom og vist at ein modell for utvikling gjennom samhandling mellom det friviljuge organisasjonslivet, det offentlege og lokalt næringsliv har vore vellykka. Eit eksempel er mobiliseringa i Bøverdalen og elles i Lom for å starte opp Vinterfestivalen Bøverbrus, og ny giv i organisasjonslivet. Det er starta eit langsiktig arbeid med å setja fokus på lokale ressursar og potensiale for næringsutvikling med oppmuntring og samhandling mellom ulike miljø som metode.

#### Organisering og økonomi

Forprosjektet har hatt formannskapet i Lom som styringsgruppe. Ei ressursgruppe på 8 personar frå kommuneadministrasjonen har fungert som prosjektgruppe. Forprosjektet har hatt eitt årsverk totalt som stillingsressurs, fordelt på 100% frå 06.06.2008-01.05.2009 og deretter timebasert. Rekneskapan syner at prosjektet har nytta dei omsøkte prosjektmidlane på totalt kr 800.000 i tråd med budsjettet, i tillegg til at budsjettet vart utvida med kr 100.000 til Vinterfestivalen Bøverbrus. Finansieringa kjem frå Kommunal- og regionaldepartementet (400.000), Lom kommune (400.000) og Oppland fylkeskommune (kr 100.000).

#### Hovudaktivitetar

Aktivitetane i prosjektet har vore knytte til lokalsamfunnsverkstad i Bøverdalen, friviljuge arbeidsgrupper, oppstart av Vinterfestivalen Bøverbrus og fest for friviljuge leiarar. Miljøtiltak, nasjonalparkarrangement samt satsing på entreprenørskap i opplæringa har vore prøvd ut som mogleg innhald i ei framtid satsing på nasjonalparklandsby. Det er lagt stor vekt på omdømmebygging, lokalt kommunikasjonsarbeid, erfaringsoverføring og nettverksbygging mot andre prosjekt.

#### Erfaringar

Viktig lærdom frå forprosjektet er at lokalsamfunnet må sitje i førarsetet i prosessen mot å utvikle Lom til ein attraktiv plass å bu med eit nyskapande næringsliv og kulturliv. I oppstartsfasa har det vore avgjerande med ein offensiv prosjektorganisasjon som kan dra i gong tiltak i småsamfunn som er prega av negativ utvikling over lang tid, for å snu haldningar og skape engasjement. Framover er det viktig å få ansvaret og initiativet til utvikling meir over på "grasrota", noko som bør vere mogleg etter at ein har fått til ein del vellukka aktivitetar i regi

av prosjektet som viser moglegheiter vidare. I eit lite samfunn er det viktig å dra vekslar på kvarandre for å få til ei positiv utvikling og framtidstru, og satsinga må difor fange opp positive krefter på tvers av næringsliv, friviljug sektor og anna samfunnsliv.

For somme av dei meir nyskapande påfunna har det vore ein fordel at det er eit prosjekt som har teke initiativet fordi ein står friare i høve folk sine forventingar, medan det har vore ein stor utfordring på kommunikasjonssida ettersom lokalmedia er svært skeptiske til ”prosjekt”.

Det har vore meiningsfylt at forprosjektet har koordinert sine mål med regionale, fylkeskommunale og nasjonale mål innan lokalsamfunnsutvikling for å kunne lære av andre prosjekt. Vi har prøvd å vere rause med å dele erfaringar, og gjennom forprosjektet har det vore mange høve til å dele erfaringane frå Lom med andre – noko som også gjev oss mykje attende i form av attendemeldingar og nye idear.

### **Vidare arbeid**

I hovudprosjektet må ein ha som målsetjing å fremje lokalt initiativ, vidareføre dei vellukka tiltaka frå forprosjektet og vidareutvikle oppmuntring til lokalt engasjement som metode. **Lom vart utnemnt til nasjonalparklandsby 27. februar 2008, så dette arbeidet må få ei sterkare vektlegging i hovudprosjektet sett i forhold til den totale aktiviteten i prosjektet.**

